



[Mottakernavn]  
[Adresse]  
[Postnr] [Poststed]  
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sondre Kaastad Sørsdal, 5557 2304

## Søknad om løyve etter forureiningslova til anleggstiltak i sjø frå Bjørsvik Settefisk AS. Statsforvaltaren kan ikkje handsame søknad før tiltaket eventuelt vert avklara etter plan- og bygningslova

Vi viser til søknad om løyve etter forureiningslova for mudring og sprenging i sjø frå Bjørsvik Settefisk AS, datert 10. mars 2022. Løyvet blei sendt på høyring og vi har motteke vedlagte fråsegn frå Alver kommune datert 4. april 2022.

Alver kommune skriv at arealet som skal utdjupast ikkje er innafør plangrensa for akvakulturanlegg i detaljreguleringsplan for Bjørsvik. I følgje kommuneplanens arealdel ligg utdjupingsarealet innafør ei omsynssone for bevaring av naturmiljø. Kommunen konkluderer med at tiltaket ikkje er i tråd med gjeldande plan for området.

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova til tiltak som er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova, jf. forureiningslova § 11 fjerde ledd.

Søknad om løyve etter forureiningslova vert difor ikkje handsama vidare av Statsforvaltaren før tiltaket eventuelt vert avklard etter plan- og bygningslova.

Med helsing

Magne Nesse  
senioringeniør

Sondre Kaastad Sørsdal  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Fråsegn frå Alver kommune



Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

**Mottakerliste:**

Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik Settefisk

Bjørsvik

5993

OSTEREIDET

MULTICONSULT NORGE AS AVD STORD

Kunnskapshuset Sæ 132

5417

STORD